



Det var godt fram møte på møtet om Sommarbygda Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under møtet i Systrene Nilsen om sommarbygda Uskedalen vart det peika på behovet for større vaskekapasitet i båthamna. Det vart då opplyst at båtlaget arbeider med ein utvidelse av servicebygget men at utvidelsen ikkje kan skje i år. Også toalettkapasiteten må utvidast.

Eiit anna behov som også vart omtala er det for utviding og styrking av den trådlause dekninga i området og den er slett ikkje god nok i området Rabben/Øyro.

Dette er den mangel som blir trukke fram oftast når båtgjestane blir spurt om dei har noko å setta fingaren på. Trådlaus-sendaren er på Sandakaien og noko må gjerast med han.

I gjennomgangen av PR-tiltak for Uskedalen denne sommaren kom Kristian Olav Bringedal inn på Sunnhordland-brosjyren. På grunn av ein korrektursvikt kom båthamnane våre ikkje med i denne utgåva, men som ein kompensasjon har Uskedalen fått gratis tilgang på nettet.

Bringedal kom også inn på bruken av slagord/logo for bygda og streka under at vi skal halda oss til 'Sommarbygda Uskedalen - porten til Hardanger'. Det har vore trykt andre alternativ, som 'Aktivitetsbygda Uskedalen', men det bør ikkje nyttast. Dette har med effektiv merkevarebyggjing å gjera. Bringedal refererte også frå eit kurs som han og Kjell Yri hadde delteke i og som handla om omdøme. Innleiaren hadde der spesielt trukke fram Lises Brukthandel som ein attraksjon han gjerne vitja i bygda.

Av ei arrangementsoversikt for sommaren gjekk det fram at det blir tur til Skorpefjellet 2. juni og at friluftsgudstenesten på Skorpo blir 17. juli dette året.

Bøkkerkvelden er 25. juni og museumsdagen på Rød 21. august.

Arrangementsoversikt 2011

<i>Dato</i>	<i>Arrangement</i>	<i>Arrangør</i>
<i>20. april</i>	<i>Låvedans</i>	<i>Dønhaug Gjestegard</i>
<i>30. april</i>	<i>Topptur til Ulvanoso ***</i>	<i>Kvinnherad Turlag</i>
<i>08. mai</i>	<i>Frigjerings- og veterandagen</i>	<i>Kvinnherad kommune</i>
<i>14. mai</i>	<i>Pubkveld i Dønhaugkjedlaren m/ musikk</i>	<i>Dønhaug Gjestegard</i>
<i>27. mai</i>	<i>Hundeutstilling på Rabben Feriesenter</i>	<i>Kvinnherad hundeklubb</i>
<i>29. mai</i>	<i>Fjellytreff – Mannsvatn</i>	<i>Hytta Fjelly</i>
<i>02. juni</i>	<i>Tur til Skorpefjellet *</i>	<i>Kvinnherad Turlag</i>
<i>11. juni</i>	<i>Aktivitetsdag/Hopp i havet</i>	<i>Aktivitetshusets damevener</i>
<i>11. juni</i>	<i>Låvedans</i>	<i>Dønhaug Gjestegard</i>
<i>18. juni</i>	<i>Solfjelløpet</i>	<i>Uskedal Idrettslag</i>
<i>24. juni</i>	<i>Blueskveld i Dønhaugkjedlaren</i>	<i>Dønahug Gjestegard</i>
<i>25. juni</i>	<i>Bøkkerkveld</i>	<i>Bygdetunet Rød</i>
<i>17. juli</i>	<i>Friluftsgudsteneste Skorpo</i>	<i>Uskedal kyrkje</i>

Av Ola Matti Mathisen